

## **Høyringssvar frå Jølster Venstre ang. vidare utbygging av vasskraft i Jølstra.**

Vidare utbygging av Jølstra er eit spørsmål som ikkje er beinkløft å gjere seg opp ei meining om. Jølster Venstre vil her samanfatte nokre punkt som har vore med i vurderingane.

### **På sida som talar for utbygging:**

Jølstra er allereie regulert til kraftutbygging og utbygd i både Stakaldefossen og Brulandsfossen, samt minst eit småkraftverk. Det er, frå eit klassisk naturvernsynspunkt, betre å bygge ut meir i vassdrag som er allereie regulert, enn å ta urøyrd vassdrag. Utbygginga vil gje eit betydeleg bidrag rein fornybar energi.

Sidan det har vore to ulike prosjekt, har vi fått to ulike konsekvensutgreiingar frå to ulike utgreiarar som er ganske like i funn. Det vert på ein måte ei kvalitetssikring i seg sjølv. Begge konsekvensutgreiingane viser moderate konsekvensar ved utbygging.

Begge prosjekta startar nedanfor dei to viktigaste gyteplassane for Jølstraauren.

Sidan elva er ganske flat i botnen, vil minstevassføringa spre seg ut over eit vidt område, slik at elva likevel vil synest.

Grunneigarane ynskjer utbygging, og utbygginga vil gje inntekter til Jølster kommune.

### **På sida som talar mot utbygging:**

Ei utbygging med låg minstevassføring medfører at elva vil misse si villskap i periodar med elles god vassføring.

Ingen kan garantere at dette ikkje får negative verknader for Jølster si fremste merkevare - Jølstraauren. Det vert teke opp ca 15 tonn aure frå Jølstravatnet kvart år. Dette er viktig matauke, samt næring og binæring for mange. Om gyttinga vert skadelidande kan det gjere ubotleg skade på fisket. Vi er uroa for om tilhøve i heile elva, samt andre gytestader, har innverknad på auren og reproduksjonen av den, og ikkje berre dei to kjende store gytestadane som ligg oppstrøms for prosjektet.

Ei vidare utbygging av Jølstra, med ei minstevassføring på 12-15 m<sup>3</sup> vil medføre at Jølstra Rafting ikkje lenger kan drive kommersiell rafting i Jølstra. Til det trengst ei minstevassføring på ca 25 m<sup>3</sup>. Det er heller ikkje ei løysing å auke opp minstevassføringa på dagtid, slik prosjektet til Nordkraft har skissert, sidan det uansett ikkje vil gje meir enn ca 20 m<sup>3</sup>

på dagtid. Dessutan er ein usikker på korleis det vil påverke elva å ta opp og ned vassføringa gjennom døgnet.

Ein kan også stille spørsmål ved om Jølster allereie tek sin del av kraftutbygging. I ein reknar Jølster og Jølstra som eit område, er det 3 store kraftutbyggingar med Kjøsnesfjorden, Stakaldefossen og Brulandsfossen, og eit titals mindre utbyggingar. Jølster og Jølstra gjev allereie i dag eit betydeleg bidrag til energiproduksjon i området, og bidraget er vesentleg større enn husstandane i området forbrukar. Prosjekta det no har søkt om har same feil som dei andre utbyggingane, sidan produksjonen vert høgst på den årstid det lokale behovet er lægst, nemleg på sommaren.

Ingen av konsesjonssøkjarane har vore imøtekommande i samtalar om utbyggingsavtale, som ville sikre Jølster og Førde kommunar sine interesser betre.

Det er andre energikjelder enn vasskrafta som er rein og fornybar. Forsking kunne medført satsing på andre energikjelder.

Dette var eit sak som var vanskeleg for Venstre å einast om. Ved handsaming i kommunestyret var gruppa delt på midten. 2 av Venstre sine medlemmar støtta framleggset som er referert under (i kursiv), og så dermed nei, med mindre dei refererte vilkåra vert oppfylt. Dei 2 andre fann å berre kunne støtte dei to første avsnitta, og sa då nei til vidare utbygging:

*Jølster kommunestyre kan ikkje tilrå utbygging av Jølstra kraftverk slik konsesjonssøknad frå Nordkraft AS og Sunnfjord Energi AS ligg føre.*

*Dei evigvarande konsekvensane for fiske, friluftsliv og reiseliv som følge av utbygging av Jølstra vert ikkje tilstrekkeleg kompensert og avbøta i søknadane.*

*Jølster kommunestyre vurderer likevel at Sunnfjord Energi AS sin konsesjonssøknad gjev mest fornybar energi i samsvar med nasjonale mål, samtidig som dei i størst grad ivaretok samfunnsinteressene. Konsesjon til Sunnfjord Energi AS gjev såleis størst verdiar attende til lokalsamfunn og Jølster kommune.*

*Jølster kommune vil tilrå at Sunnfjord Energi får konsesjon til utbygging og drift av Jølstra kraftverk føresett at det vert stilt følgjande vilkår for konsesjonen:*

- 1. Det må etablerast reinskerist/fiskestengsel ved inntaket til tunnel i kraftanlegget*
- 2. Det vert sett i verk radiomerking av storaure for å sjå på områdebruk både før, under og minimum 5 år etter arbeidet med reguleringa er ferdig.*
- 3. Det vert etablert gangbru med ei breidde på 2 m og universell*

*utforming over Kvamsfossen for å legge til rette for bruk av friluftsområde*

4. Det vert utarbeidd plan for tursti og gjenbruk av anleggområde for friluftsføremål. Det er eit minstekrav at utbyggjar etablerer, byggjer og vedlikeheld for all framtid, rundsti og gangbru over elva ved Kvamsfossen som knyt saman turstiar på begge sider av elva. Rundsti og gangbru skal ha ei minimum breidde på 2 m og universell utforming.

5. Det vert sett vilkår om fiskefond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr 100.000,- i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.

6. Det vert sett vilkår om opparbeiding og vedlikehald av terskelpunkt i naturstein på berørt utbyggingsstrekning, for å oppretthalde kulpar for større fisk, og fisketrapp eller anordning for fiskevandring over Tongahølsdammen.

7. Det vert set krav om næringsfond med årleg bidrag til Jølster kommune på kr. 800.000,- kr i 2014 verdi. Årleg bidrag skal oppjusterast i samsvar med konsumprisindeksen kvart tredje år.

8. Det vert sett vilkår om opparbeiding av framføringsvegar for fiberkabel til fastbuande bedrifter og offentleg verksemder i grendene Langhaugane – Stakaldefossen – Flaten - Grimsbø – Slåtten og Kvammen.

9. Overskotsmasse frå tunneldriving skal nyttast til opparbeiding av Moskog industriområde. Utbyggjar skal syte for og koste transport og planering av overskotsmasse til Moskog industriområde i område K2, K3 eller K4 i godkjent områdereguleringsplan for Moskog industriområde.

*Med slike vilkår meiner Jølster kommunestyre ut frå ei heilskapleg vurdering at konsesjon til bygging og drift av Jølstra kraftverk har større fordelar enn ulempar for lokalsamfunn, kommunen og storsamfunnet. Desse vilkåra gjeld også om Nordkraft vert tildelt konsesjonen. Det vert elles vist til administrasjonen si saksutgreiing i høve NVE sitt vidare arbeid med konsesjonssøknaden.*